

Tråset (gnr. 115)

Tråset er ein av dei gamle store gardane ved nordenden av Mjøsa. Namnet er eit typisk setr – namn, men kva det elles tyder, kan ingen seia heilt visst. Skrivemåten av namnet har lenge vore ustø.

Dei eldste minne om manns ferd her på Tråset er to fornfunn frå yngre jernalder. Det eine var eit økseblad av jern som nå er på Nordiska museet, Stockholm, det andre er ei oval bronsespenne frå eit gravfunn.

I skrivne kjelder fra mellomalderen er Tråset ofte nemnt alt på 1300-talet.

Av 1344 er såleis eit diplom der det er fortalt at Alfuer a Trotzætre, Andres prester i Risum og Eilifuer a Jorexstadum var i prestgardenom a Fogaberghe, naar Sigrid Haakerasdotter mottok betaling av presten Arnfinn Jonsson for 1 øresbol i Thorleifsrud paa 5 sold korn nær, som ho bad Eilif a Jorexstadum vider taka a sinna veghnæ.

I Aslak Bolts jordebok frå kring 1450 er det vidare opplyst at da hadde ”Trotsæter” vore adelsgods og i Benkt Harniktson si eige. Landskylda av garden var da 3 huder. I skattemanntalet for Gjengjerden 1528 er Haldor Trondsett ført blant dei som betalde skatten med 1 lodd sølv. Femti år seinere finn ein i stiftsboka av 1577-78 gardnamnet skrive ”Tresetter”, og garden svara da m.a. skatt i form av fisk. I manntalet av 1610 er namnet på brukaren skrive Hanns Throdsetter, og han svara den utlikna leilengeskatten med 1 dalar. ”Hans Trosetter” var framleis brukar på garden også i 1614. Frå 30 år seinare er det fortalt at husbonden på Traasetter heitte Niels, og at han da var lensmann i Faaberg. Kopskatten frå same året vart betald for 3 Mandfolch og 2 Quindfolch. – Tolv år seinare var det etter ”Mandtals Register” over Kvevskatten for 1657 ”Fredrich Trosetter” som var brukar av garden, og husdyrhaldet der var da 1 hest, 2 hopper, 18 naut, 7 geiter, 20 sauer og 2 griser.

Etter atter elleve år kom i 1668 den første norske matrikkelen med nemnande opplysningar om gardane. Der er det om ”Thraasetter” fortalt at landskylda av garden var 4 huder, som da var ”Christiania scholes goedtz”, så dei to brukarane der, Fredrik Nilsen og Christen Sivertssen, var baa bygselbønder eller leiglendingar og brukte kvar sin halvpart av garden. Det er elles opplyst at Fredrik Nilsen da var 63 år og hadde to søner, Syver, som var 19 år og Knut som var 16 år. Den andre brukaren, Christen Sivertssen, var 38 år, og han hadde som mannleg arbeidshjelp på garden tenestguten Hans Jacobsen og husmannen Gulbrand Jonssen, som var 49 år.

Om garden og gardsbruket på Tråset i den tid er det elles fortalt at enga, innmarka var god, og at meir kunne dyrkast. Det var skog nok til gards bruk, seter på ”Wissmoe Setter” (Vismunden); det er vidare særskilt nemnt at det var ein liten humlehage på garden, noko som sikkert hadde sin grunn i at det ofte ferdast tilreisande og andre gjester der som gjerne vilde ha øl til maten. Forutan garden Tråset vart i 1668 ”Traasettervolden Engeland under Mellum” matrikulert for seg og hadde da ei landskyld av 1 hud, som var ”Cannoni goedtz och følger Lauridtz Christensen paa Bragenes”, men det var altså da bygsla av Hans og Rasmus Mellum.

Alt i 1669 finn ei elles gardnamnet skrivi Trosset. Det var da ein sadelmakar i Fåberg som heitte Jacob Trosset. Han hadde laga ein sadel til Olle Fougne i Gausdal, som stemnte Jacob til tings fordi ”sadlen ikke var så god som den burde”, og da Jacob ikkje møtte på tinget, vart han dømd til å betale ei bot på 1 mark sølv. – Året etter hadde elles Jacob Trosset atter ei

rettssak: Fogden hadde da innstemt Jacob og Christen Trosset og Erik Torbeinson ”fordi de uten lov og dom skal ha tilpantet sig noget av Ingebret Setter. Men dei innstemnde forklara at dei hadde handla ”efter deres landherre Niels Juells befaling. Domen vart likevel slik: ”Avsagt: De indstevnte bøter for tag hver 1 ort til Kongen”. I denne tid fekk Ole Christensen 1. Bygsel på halvdel av Tråset, Tråset av skyld 2 huder, av ”Communitetets forvalterske”.

Men i 1712 var Ole Christensen død, og sonen Amund Olsen fekk da bygselseddel på Troset av skyld 2 huder. Mot denne bygsela protesterte elles Svein Olsen Tråset, som påstod at det var han som hadde førsterett til bygsla etter Ole Christensen.

Tråset var framleis Communitetsgods i 1719. Soldat Iver Olufsen let da tinglesa bygselseddelen sin på Tråset av skyld 2 huder, som Giertrud Hansdtr. Kamp i den tid var eigar av. Same året fekk og Ole Christophersen bygsla på den andre halvdel av Tråset, også Tråset av skyld 2 huder.

Fire år seinare kom i 1723 det nye matrikkelframlegget med fleire opplysningar om gardane. Der er det om Tråsetgardane fortalt at dei båe enda låg under Christiania Communitet, og at landskylda av kvar gard var 2 huder. Vidare er det oppgitt at dei båe hadde fiskeri i Mjøsa, og at dei båe hadde seter og utslåttar til 2 lass høy. Buskapen på kvar av gardane var da 4 hestar, 18-20 naut, 16-20 sauer og 14-16 gaiter. Brukar på søre Tråset var framleis Iver Olufsen, og brukar på nordre Tråset var framleis Ole Christophersen. Etter desse felles opplysningane om Tråset før 1724 vel vi heretter å føre saga til dei to gardane fram til år 1939 kvar for seg.

Men først tek vi her med 2 skjøte der ”Traasetter Volden” er omhandla. Det eine skjøtet av 7. Febr. 1731 har i utskrift av tingboka denne ordlyden:

”Traasetter Volden.

Skjøte dat. 7. Febr. 1731 tgl. 17.febr. s.å.

Fra kjøpmann Johan Jochum Lonicer i Kristiania til Tosten Olsen Hielle i Lesje prestegjeld på 6 skind med-bøxel i gården. Imsedalen i Ringebu, 1 hud med bøxel i Engelandet Traasettervolden under Mellum i Fåberg prestegjeld, 1 hud med bøxel i gården Svare i Våge prestegjeld, 1 hud 3 skind med bøxel i Traastad ødegaard i Lom prestegjeld og 2 skind med bøxel i Frudal Eng under Kaarstad i Froens Prestegjeld.”

Av 28. mars s.å. er så vidare dette skjøte i utskrift:

”Traasetter Volden.

Skjøte dat. 28. Mars 1731 tgl. 13. Juni s.å.

Fra Tosten Olsen Hielle til Ole Halvorsen Mellum paa et under hans paaboende gaard Mellum beliggende engeland Traasetter Volden kaldet skyldende 1 hud for sum 50 rd.”

Etter dette går vi så vidare med saga til

Søndre Tråset.

Far til Iver Olufsen som var brukar på garden i 1723, heitte med fullt namn Oluf Christensen og var gift med Sessel Iversdtr. Ho døde i 1717, og det var da skifte på ”Syndre Traasetter”. Ved dette skiftet utgjorde eiga i arvebuet 179 rd., og arvingane var forutan enkemannen, Oluf Christensen, dei to borna i ekteskapet: 1. Iver Olufsen, som da var 21 år, 2. Guri Olufsdtr., som var 22 år.

I 1736 finn ein namnet til Iver skrive Iver Olsen. Han fekk da skjøte frå biskop Peder Hersleb på ”gaarden Søndre Traasetter i Faaberg Sogn skyldende til Communitet i Christiania 2 huder med bøxel for sum 511 rd.” - To år seinare gav Amund Olsen Traaset forsikringsbrev til kona si Beret Johansdtr., at ho etter hans død skulle ha rett til å løyse inn garden Traaset frå arvingane til mannen. Etter dette fekk i 1759 Amund Iversen skjøte på grd. søre Tråset med engelandet Mageløs. Skjøtet, som også elles gir fleire interessante opplysningar, har etter utskrift, denne ordlyden:

”Traasæt søndre.

Skjøte dat. 14. august 1759 tgl. 5. oktbr. 1759.

Fuldsøsken og livsarvinger efter deres endnu levende foreldre ”””” Ole Iversen, Lars Pedersen Reestad med hustru Sidsel Iversdtr. og Ole Olsen Fagstad med hustru Synnev Iversdtr. selger deres foreldre tilfaldne lodder i gården Søndre Traasæt med underliggende Mageløs Engeland neml. broren $8 \frac{2}{3}$ skind for 200 rd. og hver av søstrene $4 \frac{1}{3}$ skind for 100 rd tilsm $5 \frac{1}{3}$ skind med bøxel for 400 rd. til deres eldste bror Amund Iversen, og da denne selv har arvet $8 \frac{2}{3}$ skind for 200 rd. så er han nu ene eier av garden Søndre Traasæt med underl. Mageløs Engeland av skyld 2 huder 2 skind.”

Frå mellomtida er ei sak av 1756 som viser at det også da liksåvel som både før og seinare, vart drive hestealnad og hestehandel på Tråset. Saka er elles etter utskrift ref. slik:

Traaset i Faaberg.

Amund Iversen Traaset har instevnt vidnerne Lars Pedersen Reestad, Ole Bøe m.f. til å forklare hva de vet ang. en hest som er stjålet fra citanten av landkremmer Ole Domstad i Løiten, til et tingsvidnes erhvervelse. Ole Domstad er innvarslet.

For Ole Domstad møtte hans nestsøskendebarn Michel Bæsbye og innleverte hans tilsvar og foreviste de i innlegget nevnte to domsakter.

Det ene vidne, Lars Reestad var loddeier i den omtvistede hest og kunne ikke antages som vidne. Det annet vidne forklarte at han sammen med en del andre hadde kjøpt hester på Trondhjems marked, og at da de var kommet til Furnes i Vang hadde citanten og Arne Lundgård avkjøpt ham hans lodd. Sergeant Lund, som var innkalt, hadde ikke hatt fellesskab med de andre i hestehandelen.

Citanten begjærte tingsvidnet sluttet.”

Amund Iversen Tråset hadde framleis garden i 1764. Han gav da kvittering til formyndaren til kona hans, Guri Olsdtr., for arvemidler med renter. Formyndaren var Iver Jonsen Rindal. – Om strid mellom grannar handlar ei sak av 1772, som etter utskrift av tingboka er ført såleis:

”Trosset i Fåberg.

8. oktober 1772.

Amund Traaset har innstevnt sin nabo Johannes nordre Traaset fordi hans hund har jaget og bidt fordervet citantens får og andre kreaturer.

Citantens søn Amund Johannessen var tilstede på sin fars vegne og sa at han ville opprette den skade deres fæhund bevislig hadde gjort. Noen vidner blev avhørt. To andre forelegges å møte til neste ting.”

Men i 1784 var husbonden Amund Iversen Tråset død, og enka etter han brukte da sjølv garden til i 1787, da ho skjøta ættegarden Tråset til sonen Peder Amundsen og tok sjølv sit føderåd på garden.

H.F.Hiorthøy som i 1786 utgav sin ”Beskrivelse av Gudbrandsdalen II fortel der om Tråsetgardane at dei da hadde ”det betydeligste Lage- og Sild-Fiskeri i Sognet”. - Frå to år seinare er ei sak mellom husbonden Iver Tråset og husmannen Lars Snekkerstuen, som stod til rest for husleige av husmannsplassen. Men på hausttinget meldte Iver Tråset ifrå at saka var ordna ved forlik.

Den 13. Juni 1795 var ein stor sorgens dag på søre Tråset. Den unge husfrua der, Ingeborg Hansdtr. var død, 27 år gammal, og den 24. August var det skifte etter henne. Ved dette skiftet vart jordgodset i dødsbuet, garden søre Tråset, taksert for 800 rd., og buet utgjorde brutto 1172 rd. og netto 1005 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enkemannen Iver Amundsen, dei to borna i ekteskapet: Amund, som da var 5 år, og Anne, som var 2 år. - Husbonden Iver Tråset gifta seg i året 1800 oppatt med Sedsell Amundsdr., og dei fekk i sitt ekteskap sønnene Ole f. 1801 og Iver f. 1803.

År 1801 kom påbodet om folketelling, og det budde da 6 familiar på og/eller ved Søndre Tråset. Det var:

1. Familie: Iver Amundsen, husbonden, 37 år, Sidsell Amundsdr., kona hans, 26 år, 3. Amund Iversen, son til husbonden, 12 år, 4. Anne Iversdr., dotter til husbonden, 8 år, 5. Guri Olsdr., mor til husbonden, føderådskone, 59 år, 6. Jens Larsen, tenestkar, 19 år, 7. Nils Larsen, tenestkar, 15 år, 8. Marit Olsdr., tenestkvinne, 22 år, 9. Marit Christensensdr., tenestkvinne, 22 år, 10 Sedsill Eriksdr., tenestkvinne, 13 år.
2. familie: 1. Ole Iversen, husmann med jord, 62 år, 2. Eli Pedersdr., kona hans, 44 år, 3. Amund Olsen, son deres, 10 år, 4. Ole, son deres, 4 år, 5. Kari, dotter deres, 7 år.
3. familie: 1. Nils Nilsen, dragon og husmann med jord, 40 år, 2. Kari Olsdr. , kona hans, 50 år, 3. Inga Nilsdr., dotter deres 14 år, Ole Nilsen, son deres, 7 år,
4. familie: 1. Christopher Amundsen, husmann med jord, 42 år, 2. Mari Knudsdr., kona hans, 36 år, 3. Amund, son deres, 4 år, 4. Marit Olsdr., mor til kona, hushjelp, 67 år.
5. familie: 1. Ole Svendsen, innerst utan jord, dagarb. 42 år, 2. Rønnaug Larsdr., kona hans, 38 år, Marit Olsdr. dotter deres, 3 år.
6. familie: Christen Olsen (Snekkerstuen), husmann med jord, 67 år, 2. Anne Haagensdr., kona hans, 67 år

To år seinare døde i 1803 husbonden Iver Amundsen, og det var da atter på Tråset søndre, Ved dette skiftet vart jordgodset, garden Tråset, taksert for 2500 rd., og buet utgjorde brutto 4589 rd. og netto 3758 rd. Arvingane ved skiftet var, forutan enka, Sidsell Amundsdr., dei to sønene av Iver Amundsen, Amund (av 1 ekteskap), som da var 14 pr, Ole (av 2. ekteskap), 2 år.

Amund Iversen, som hadde odelsretten til Tråset, fekk i 1808 fedrearven sin der med 952 rd, og han overtok visstnok garden med det same. Men i 1814 døde Amund Iversen i ein farleg sjukdomsfarang som gjekk over bygda, da det m.a. var tre dødsfall på Tråset innan eit tidsrom på 2 veker, blant dei var og sonen Iver Amundsen, som da var 1 ½ år. Den tredje som døde innan 14 dagar på Tråset var Lars Jensen, 6 år, på ein av husmannsplassane. Ja, slikt kunne hende ikkje så sjeldan under smittsame sjukdomar før i tida.

Litt om storleiken på gardane i den tid går fram av matrikkelframlegget av 1819, Der er det om Tråset Søndre fortalt at buskapen av store husdyr var 4 hestar og 22 naut, og at den årlege kornavlinga utgjorde kring 72 tønner.. Det er vidare opplyst at garden framleis hadde 4 husmannsplassar. – Frå elleve år seinare er ei tinglyst kontrakt av 4. desbr. 1830 om fiskegrunnane til Tråsetgardane.

Enka etter Amund Iversen Tråset, Elin Olsdr., gifta seg i 1815 oppatt med korporal Christopher Amundsen Boleng, og det er opplyst at brurvigsla da etter bevilling var heime på Tråset.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 var det såleis Christopher Amundsen som var oppsittar på "Trossæt sønder", og garden fekk da som ny matrikkelskyld: 11 skylddalar 1 ort 22 skilling. Alt året etter gav elles Christopher Amundsen skjøte til sonen Amund Christophersen. I samband med denne handelen lånte kjøparen tilsm. 603 spd. Av søskena sine: Berthe, Eli, Christine, Oline, Mathea, Even, Johanne og Anette. Men samtidig gav og Amund ei erklæring om at dersom han seinare vilde selja Tråset, skulle han først tilby garden til søskena, og i mellomtida måtte ikkje Tråset pantsettast for meir enn 1300 spd.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om søre Tråset m.a. fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer da var 449 mål, og av dette var 130 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det oppgitt at husdyrhaldet på sjølve grd. Tråset søndre var: 4 hestar, 21 storfe og 30 småfe, men dertil var det på husmannsplassane til garden tilsm. 13 storfe og 33 småfe. Først på same måten var utsæden på sjølve garden Tråset: kring 12 tn. korn og 14 tn. settepoteter, men dertil var utsæden på husmannsplassane tilsaman ca. 6 tn. korn og 8 tn. settepoteter. - Frå denne tid er og ein søknad frå T. Kråbøl om utviding av seterlykkja hans på Vismunden, som framleis var seter for Tråsetgardane. Semja mellom setereigarane vart tinglese den 19. august 1867.

Sju år seinare skjøta i 1874 Amund Christophersen garden Tråset søndre til sonen Iver Amundsen for kjøpesum 1300 spd. + føderåd verdsett til 625 spd. Frå denne tid, nærare: d. 19.novbr. 1877, er ei tinglyst kontrakt om "af vestfjeldets sameiehavnegang".

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre og slik at det var 100 øre i 1 mark. Tråsetgardane fekk da felles gardsnr., nr. 115, og det var da 2 bruksnr. under gardsnr. 115. Det var: a. Grn. 115, brn. 1 Tråset søndre av skyld 18, 91 mark, som Iver Amundsen framleis var eigar og brukar av. b. grn. 115, brn. 2 Tråset nordre, også av skyld 18,91 mark, som da tilhørde Iver Eriksen Vedum.

To år seinare var det i 1888 ei skylddelingsforretning på søre Tråset, og parsellane Sveen av skyld 0,54 mark og Nysveen av skyld 0,32 mark vart fråskilt garden. Samtidig gav så Iver Amundsen Tråset skjøte til Lars Olsen på grn. 115, brn. 3 Sveen for kjøpesum kr. 1000,- og til Andreas Iversen på brn. 4 Nysveen for kjøpesum kr- 700,-. Av 1891 er ei tinglyst semje

mellom fleire gardbrukarar om veganlegg i Fåberg Vestfjell, og i 1892-93 var det utskrifting av Vismunden seterskog.

Frå denne tid og fram til 1939 fell atter saga åt Tråsetgardane på fleire måtar isaman, og vi vel å ta denne slutningen med under Tråset nordre.

Nordre Tråset.

I eit arveskifte av 1714 er denne garden kalla ”Traasetter Nor J Stuen”. Ved skifter på same garden i 1731 er namnet skri- ” Traaset”. Den døde der var da Ole Christophersen som vi alt kjenner frå t.d. 1719.

Ole Christophersen f. 1649 hadde vore gift tre gonger og hadde barn i alle 3 ekteskap. Det var: i 1. ekteskap: 1. Svend, som i 1731 var 30 år, 2. Ole, 28 år; i 2. ekteskap: 1. Jacob f. 1708, død 1730, 2. Eli f. 1709, gift med Halvor Hauger; i 3. Ekteskap: 1. Sønnøv f. 1715, gift 25/5. 1752 med Ole P. Hattestad. 2. Johannes f. 1718, 3. Maren f. 1723. Ved skiftet i 1731 er det elles opplyst at landskylda av Traaset da var 1 hud 9 skind, og at dødsbuet omrekna i pengar utgjorde brutto 1009 rd. og netto 997 rd.

Enka etter Ole Christophersen i hans 3. Ekteskap, Beret Johansdr., gifta seg i 1732 oppatt til sitt 2.ekteskap og da med Amund Olsen Hov, og han fekk i 1736 skjøte av Christiania Communitet på halvdel av grd. Traaset i Faaberg av skyld 2 huder for kjøpesum 520 rd. Men Beret Johansdr. og Amund Olsen fekk i sitt ekteskap ingen barn, og i 1750 skjøta så Amund Olsen nordre Tråset til steson sin, Johannes Olsen f. 1718, for sum også 520 rd. og føderåd til mor si og stefaren Amund Olsen.

Halvbroren Svein f. 1701, Sven Olsen Traaset, som han sjølv skreiv namnet sitt, hadde alt da drive fleire år som kyrkjebygjar i Valdres og hadde fleire handverkarar frå Fåberg med seg. Etter Ole Thorsrud skal det såleis i kyrkja i Bagn vera ei innskrift som fortel om dette såleis:

”Tømmermænderne paa denne kierke vare dise:

Nemlig

Fra gudbrands Dalen

Sven Traaset som mester

Ole Jonsøn Husmand til samre

Dag Husmand til samre

Peder Syversen Brustuen

Syver Pedersen Brustuen

Peder Vines

Lars Rensby

Taames Husmand til samre

Eling Sundal

Peder Sletten

og Gulbrand Tostensen Bang

og - - - i året

1735”

Dei 6 første på denne lista var truleg alle frå Fåberg. Peder og Syver Brustuen er og nemnt ved fleire kyrkjebygg i Gudbrandsdalen, såleis både i Lesja, Lom, Vågå og Nord Fron. Thorsrud gjer og merksam på at ”Vines” truleg er eit mistak eller ein skrivefeil for Vingnes.

– I rekneskapen for bygginga av kyrkja i Hedalen i 1738 er og ”byggmester Sven Olsen Traaset fra Faaberg Sogn i Gudbrandsdalen” nemnd som byggjeleiar. Om han var med og bygde Bruflat kyrkje, som vart innvigd i 1750 er meir uvist.

Johanes Olsen på nordre Tråset gifta seg i 1746 med Sessel Olsdtr. Torgersrud f. 1724, og dei fekk fleire born: Det var: 1. Amund f. 1746, 2. Ole f. 1748, 3 Jacob f. 1750, kjøpte Reistad i 1783, 4. Beret f. 1753, død som barn, 5. Beret, f. 1754, 6. Gudmund f. 1756, g.. 1785 m. Guri Olsdtr. Torgersrud, 7. Goro f. 1758, 8. Kristen f. 1761, f. 1788 m. Guri Christophersdtr. Øre, 9. Marit f. 1764, 10. Svend f. 1767, død som barn.

Ei sak om usemje mellom nære grannar var fore på i alt 4 ting i 1772, og er i utskrift av tingboka bokført slik:

”17. Febr. 1772.

Lars Michelsen Snedkerstuen har innkalt Lars og Amund Nordre Traaset til å påhøre et tingsvidne om hvorledes citanten var overfalt med hugg og slag m.m. på sin sætervei for nogen tid siden.

De innstevnte vidner forklarte, dels at de hadde hørt de innstevnte Lars og Amund Traaset fortelle at de hadde slått Lars Michelsen blå og blodig, og dels at de hadde sett han efter overfaldet og hørt at det skulde være de to innstevnte som hadde gjort det.

Lars Olsen og Amund Johansen Traaset gives laugdag til neste ting.

Faaberg 9. Oktb. 1772.

Lars Korgen (Lars Michelsen Snedkerstuen) kontra Lars og Aumd Traaset ang. overfald. Efter citantens begjæring utsattes saken til næste ting.

Faaberg 17. Febr. 1773.

Lars Korgen begjærte tingvidnet sluttet. Innstevntes sakfører forbeholdt det fornødne.”

Johannes Olsen brukte Traaset til i 1773. Da skjøta han garden til eldste sonen sin, Amund Johansen på grd. Traasset ”av skyld 2 huder samt et slagur for 650 rd. og føderåd.” Året etter gav elles faren eit ekstra spesifisert skjøte på lausøyre og husdyr m.m. Skjøtet har etter utskrift denne ordlyden:

Traaset.

Skjøte dat. 6. Mai 1774 tgl. 10. Oktober s.å.

Fra Johannes Olsen Traaset av Faaberg prestegjeld til eldste søn Amund Johanssen hans hustru, børn og arvinger på hans hitindtil eiende løsøre effekter bestående av heste og fæ, svin og fækreature, Sauve og gjeter samt alle på gårdende brukkende ting av sølv tin Kobber, messing, gryter, bryggepander, bagstegang og alle slags sengeklær, alle hjemme og i seteren værende kopper av stort og smått, gårdsredskap, harv, og grever så vel som stør, stenger, smedetøi, tømmer lenker og jaaer med videre for sum 400 rd.”

Amund Johansen f. 1746, som dermed overtok drifta på Nordre Traaset, var i 1772 vorte gift med Kari Christophersdtr. Øyre f. 1752, men den unge husfrua døde alt i 1774, og Amund gifta seg så oppatt med Kari Olsdtr. Bjerke f. 1749. Husbonden, Amund J. Traaset, hadde barn i baa ekteskap, nemleg i sitt 1. ekteskap med Kari f. 1752 dottera Kari f. 1772, og i sitt 2. ekteskap med Kari f. 1749 fire born, nemleg: a. Sessel f. 1775, b. Ane f. 1778, c. Johannes f. 1781, d. Sønnøv f. 1787.

Av 8. Oktober 1776 er ei kontrakt som her kan vera av interesse, og som i utskrift er sålydande:

”Traaset.

Kontrakt dat. 8. oktbr. 1776 tgl. 10. oktbr. s.å.

Mellem Amund Iversen Traaset og Amund Johansen Traaset i Faaberg prestegjeld og en del dannemenn neml. Ole Larsen Suttestad, Mads Olsen Holen og Lars Joensen Moen, alle av Faaberg. Disse siste skal oprydde et lagesildvarp på de førstnevntes eiendomsgrund kaldet TraasetSanden ovenfor det gl.varp. Disse skal svare til dem eller opsidderne på Traaset herfor 1/5 av fisken som der blir fisket i landslod og svarer Suttestad Landsloden til nordre Traaset, Hoelen og Moen til søndre Traaset.”

Amund Johansen Traaset var framleis eigar og brukar av garden i 1796. Han hadde da lånt 1199 rd. av jomfru Johanne Marie Abildgaard mot pant i grd. Nordre Traaset framleis av skyld 2 huder. Da lånet i 1798 vart tilbakebetalt er det opplyst at jomfru Abilgaards bror, Martin Abildgaard, som før hadde vore sogneprest i Fåberg, da var ”presten til Nesodden”.

To år seinare kom i 1801 påbodet om folketelling, og det budde da 7 familiar på og/eller ved nordre Traaset. Det var:

1. Familie: 1. Amund Johansen, husbonden, 54 år, 2. Kari Olsdr., kona hans, 52 år, 3. Johannes Amundsen, son deres, 20 år, 4. Anne Amundsdr., dotter deres, 23 år, 5. Christen Rasmussen, tenestkar, 20 år, 6. Gunnild Olsdr.. tenestkvinne, 34 år, 7. Kari Iversdr., tenestkvinne, 18 år.
2. Familie: 1. Niels Bjertesens, nasjonal soldat, skredder, innerst utan jord, 29 år, 2. Goro Engebretsdtr., kona hans, 32 år, 3. Berte, dotter deres, 1 år.
3. Familie: Ole Olsen, innerst utan jord.”gaaer i dagleie”, 32 år, 2. Inga Rasmusdr., kona hans, 29 år, 3. Ole Olsen, son deres, 9 år, 4. Anne Olsdr., dotter deres, 10 år. 5. Kjersti Olsdr., dotter deres, 1 år.
4. Familie: 1. Ole Olsen, husmann med jord, 54 år, 2. Kari Arnesdr., kona hans, 50 år, 3. Anne Olsdr., dotter deres, 6 år.
5. Familie: 1. Ole Larsen, (Grandalen), nasjonal soldat, husmann med jord, skomaker, 34 år, 2. Ingeborg Torgersdr., kona hans, 37 år, 3. Anne Olsdr., dotter deres, 5 år, Anne Kristensdr., hushjelp, 60 år,
6. Familie: 1. Thomes Christensen, husmann med jord, 58 år, 2. Kjersti Olsdr., enke, hushjelp, 54 år. 3. Ole Rasmussen, son til Kjersti, 15 år,
7. Familie: Christen Thomesen, husmann med jord, 38 år, 2. Sidsill Tollevsdr., kona hans, 45 år, 3. Thomes, son deres, 13 år, 4. Kari Christensdr., dotter deres, 10 år, 5. Eli Christensdr., dotter deres, 5 år.

Same året hadde fogden stemt inn Ole Olsen Traaset, sikkert husfaren i familie nr. 4 på Traasetengen, for brennevinsbrenning. Saka er elles i ei utskrift av tingboka ref. slik:

”Trosset i Fåberg.

Månedsting 16. mars 1801.

Fogden har innstevnt Ole Olsen Traaset for ulovlig brennevinsbrenning.

Dom: Med de første vidner er det bevist at innstevnte har forvirket sig mot forordningen av 8. Mars 1757. Ti tilpliktes Ole Olsen Traaset å bøte til Fåberg sogns fattige 10 rd. og til å betale rettens gebur m.v.”

Av 1804 er ei anna sak som det vart tala mykje om i Fåberg. Utskrifta av saka er elles sålydende:

”Fåberg 1. Oktb. 1804.

Amund Traaseth, Amund Bolleng, Arne Øre og Jens Skjeggestad fremla på egne og fleres vegne en attest fra sognets beskikkede Stevnemand, hvorved godtgjøres at de har innstevnt Torkild Olsen og Ole Simensen til å høre vidner om en arrest og relaksationsforretning som citanterne har sett sig beføiet til å utføre over 8 tylter og 1 stk sagtømmer, som de innstevnte har feldt i citanternes sameie ved sæteren Lortholoen på begge sider av elven Flokoen. For de innstevnte Torkild Olsen og Ole Simensen møtte prok. Friis som også møtte på egne og lensmann Nielsens vegne som brukere av grd.Rønne. Friis sa at hugsten er foretatt av de innstevnte på hans og lensm. Nielsens anmodning i grd. Rønnes m. flere eieres sameieskog. Efter begjæring av prok. Friis utsattes saken til januar månedsting.”

Den nye brukaren Johannes Amundsen f. 1781 gifta seg i 1809 med Anne Nilsdr. Visstnok frå Steine i Gaudal, og dei fekk mange born. Det var: 1. Ole f. 1811, 2. Nils f. 1813, død som barn. 3. Karen f. 1815, 4. Nils f. 1817, 5. Andreas f. 1819, 6. Kristine f. 1820, 7. Simen f. 1822, 8. Johan f. 1824, 9. Helene f. 1828, 10 Petter f. 1829, 11. Antoni f. 1832, død som barn.

I ei sak av 16. Febr. 1819 er Traaset-saga omhandla. Det hadde da vore synfaring og skjønnsforretning ved saga, og lagrettesmennene bekrefta at forretninga var utført etter beste skjøn.- Same året, altså i 1819, kom matrikkelframlegget for Fåberg med fleire nyare opplysningar om gardane. Der er det om ”Trosset Nordre” fortalt at buskapen av store husdyr på garden i den tid var 5 hestar og 24 naut, og den årlege kornavlinga utgjorde i vanlege gode år kring 80 tn. Vidare er det opplyst at garden framleis hadde 5 husmannsplassar.

I mellomtida hadde det i 1808 vore arveskifte på husmannsplassen Trasetengen. Kona til Ole Olsen, husmora Kari Arnesdr. var død, og buet som utgjorde brutto 318 rd. og netto 148 rd. (vel å merke utan jordegods) skulle skiftast. Arvingane var, forutan enkemannen Ole Olsen, dei 3 døtrene i ekteskapet. Av dei var: 1. Mari Olsdr. g.m. Kristen Olsen ”ved Volde på Toten”, 2. dottera Beret var gift med Jens Larsen ved Bjerke, og 3. dottera, Anne, var enda berre 13 år.

Enkemannen Ole Olsen gifta seg så å seia straks oppatt med pike Marit Larsdr., men han døde sjølv 4 år seinare, og det var da atter skifte i ”Traasetengen i Faaberg”. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet, visstnok utan jordegods, brutto 1827 riksbankdalar og netto 1691 rbd. Det var den same Ole Olsen som nyss før hadde vorte dømt for ulovleg brennevinsbrenning.

I 1813 var det og skifte på ”Grandahlen i Faaberg”. Den døde var der husmann og skomaker Ole Larsen, og arvingane var enka Ingeborg Torgersdr. og dottera deres, Anne, som da var 16 år.

Ved matrikuleringa av gardane i 1838 vart namnet skrive ”Trosset nordre”, og garden fekk da like stor matrikkelskyld som Tråset søra, nemleg 11 skylddalar, 1 ort og 22 skilling. Dette var framleis i Johannes Amundsen si brukartid. Men ni år seinare gav i 1847 Johannes Amundsen skjøte til eldste sonen sin, Ole Johannessen, f. 1811, på grd. Traaset nordre for kjøpesum 1000 spd.+ føderåd av 5-årleg verdi 270 spd.

Den nye eigaren Ole Johannessen som da tok over drifta av Tråset nordre, hadde i 1842 vorte gift med Ingeborg Sveinsdr. Syverud, og dei fekk 2 born, døtrene Anna f. 1844, og Agnete f. 1847.

I samband med folke- og jordbrukstellingane i 1865 vart det publisert fleire opplysningar om gardane. Der er det om Nordre Tråset såleis fortalt at det samla jordbruksareal av åker, eng og seterlykkjer på garden i den tid var 348 mål, og av dette var 119 mål jord av 1. klasse. Samtidig er det og oppgitt at husdyrhaldet Nordre Tråset med husmannsplassar tilsm. var 4 hestar, 24 storfe og 52 småfe, og at den årlege utsæd utgjorde 16-17 tønner korn og 15-16 tn. settepoteter.

Same året, altså i 1865, gav og Ole Johannessen skjøte til svigersønnen sin, Iver Eriksen Wedum, som var gift med Anna Tråset f. 1844. Kjøpesummen for garden var da 200 spd. + eit fødråd verdsett til 500 spd.

År 1886 kom den lenge førebudde nye norske matrikkelen, og gardane fekk nye gards- og bruksnummer, og ny matrikkelskyld rekna i mark og øre. Tråsetgardane fekk da felles gardsnummer, nr. 115, av samla skyld 37,88 mark, og det var da 2 bruksnr. under gardsnr. 115. Det var: 1. Gnr. 115, brn. 1. Tråset søndre av skyld 18,91 mark, som Iver Amundsen var eigar og brukar av. 2. Gnr. 115, brn. 2 Tråset nordre av skyld 18,91 mark, som altså Iver Eriksen hadde overtatt. Men i 1894 gav så Iver Eriksen skjøte til i Iver Amundsen på søre Tråset også på brn. 2 Tråset nordre for kjøpesum kr. 17 400,- og eit føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 500,-. Tre år seinare var det i 1897 skylddelingsforretning på Nordre Tråset, og ein parsell brn. 5 Engen vart da fråskilt og selt til Mathias Johannessen for sum kr. 2 250,-.

Etter dette budde det ved kommunevalet i 1901 i alt 14 personar med røysterett på og/eller ved Tråset. Det var: 1. Gardbr. Iver Amundsen Traaset, 52 år, 2 husmor Mathea Kristiansdr., 42 år, 3. Amund Ramberg, inderst, 53 år, 4. Husmann Johan Rønningen, 61 år, 5. Husmann Martinus M. Kleiven, 45 år, 6. sjølveigar Lars Olsen Sveen, 65 år, 7. sjølveigar Andreas Iversen Nymoen, 61 år, 8. Anne Hansdr., husmor, 39 år. 9. Kristine Rasmusdr., husmor, 62 år. 10. husmann Oluf Matiassen Grandalen, 41 år, 11. Husmor Anne Engebretsdtr., 45 år, 12. Sjølveigar Mathias Johansen Engen, 45 år, 13. husmor Ingeborg Kristiansdr., 44 år, 14. føderådsman Johan Nilssen, 78 år. - Ein merker seg at røysterettsalderen enda var 25 år.

Iver Amundsen Traaset hadde så brn. 2 Tråset nordre til i 1909, da skjøta garden til Kristian Iversen Traaseth for kjøpesum kr. 15 000,- og føderåd av 5-årleg verdi kr. 1 500,-. Av handlar med Tråset og/eller parsellar av garden i seinare tid tek vi elles med at i 1918 vart brn. 6 Snekkerstuberget av skyld 0,18 mark selt til Andreas Reistadbakken. Johannes Evensen kjøpte i 1926 grn. 115, brn. 7 Tråsetrønningen, skyld 0,45 mark, og brn. 8 Grandalen av skyld 0,50 mark, vart innkjøpt av Fåberg kommune.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det etter dette i alt 7 bruk under grn. 115 med kvar for seg eit jordbruksareal av åker, hage og eng på meir enn 10 mål (da). Det var a. Grn. 115, brn. 1 Tråset søndre med eit jordbruksareal på ca. 260 mål, som Amund Traaseth var eigar og brukar av, b. brn. 2 Tråset nordre, areal ca. 190 mål, eigar og brukar Kr. Traaseth, c. brn. 3 Tråsetsveen, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Ole Sveen, d. brn. 4 Nysveen, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Harald Nysveen, e. brn. 5 Engen, areal ca. 20 mål, eigar og brukar Thor F. Huse, f brn 7. Tråsetrønningen, areal ca. 18 mål, eigar og brukar Ivar L Jordet, g. brn. 8 Grandalen, areal ca. 15 mål, eigar og brukar Johan Fredriksen.